



Preses Olav Fykse Tveit:

Preike på gudsteneste Trefoldighetskirken Arendal 11.08.25,

ved starten av Arendalsuka 2025

Tekst: Luk 6, 36-42

GANGSYN

Kva er det som trengst for å følge Jesus? Slik kan vi spørre når temaet for gudstenesta vår er «vandring».

Kva er det som trengst for at vårt demokrati skal sikre oss eit godt og rettferdig samfunn? Slik blir det spurt og diskutert i Arendal ei heil veke.

Jesus seier noko som er svar på begge deler. Han gjer det med eit bilete som tydelegvis ikkje vart gløymt så lett, og difor gjengitt i fleire av evangelia. Og har du høyrte det ein gong, så sit det. Det er minst like aktuelt i dag som då. Dessverre.

Jesus kan overdrive, men det vert ikkje mindre sant av den grunn: «Og korleis kan du seia til bror din: «Bror, lat meg ta flisa ut av auget ditt», når du ikkje er bjelken i ditt eige auge? Din hyklar! Ta først bjelken ut or ditt eige auge. Då ser du klart og kan ta flisa ut av auget til bror din.»

Det handlar på ingen måte om å vere blind eller noko som vi kan få hjelp med hos Brilleland.

Det handlar om noko vi har eit godt norsk ord for: Det gjeld å ha GANGSYN.

Det handlar om noko så vanleg og noko så vanskeleg som korleis vi forholdt oss til kvarande som medmenneske. På ein ansvarleg, barmhjertig, raus måte. Fordi vi alle treng det.

Det Jesus vil få tilhøyraren til å sjå, i alle fall til å inn sjå, er at vi står og går i ein større samanheng enn oss sjølve. Det sant menneskelege, det er også det som Gud bryr seg om. Det er Jesus som Gud som talar her. Og nettopp difor også er det Jesus som det sanne menneske.

Alle andre har, akkurat som meg, eit menneskeverd som er gitt i at vi alle har denne relasjonen til Skaparen. Dei første skapingsforteljingane er fullada av ord som seier noko om alle menneske. Alle er skapte i Guds bilete. Alle menneske har Gud villa, alle menneske har Gud eit forhold til.

Alle menneske er freista til å verte misunnelege og ha vanske med å godta den andre sin status, og evner og val. Det er «brors-historia» i urhistoria om oss alle som kjem fram i Jesu bilete om bjelken og flisa. Og det kan ende som med Kain og Abel. Når trongen til å ha det den andre har har teke overhand, kan det ende i tragedien, ja, i brodermordet.

Det vert rett og slett farleg når vi mister gangsynet. Når vi mister den gode vurderingsevna til å sjå proporsjonar og perspektiv, og den gode vilje til å ta alt i beste meining. Det er det Gud har skapt oss til.

Det menneskelege kan verte det umenneskelege. Det skjer når det er det noko anna som tek over, slik som nedlatande ord, retthaveri, gjerrigheit, dehumanisering og ekskluderande haldningar. Det kan vere i dei nesten uvesentlege ting til dei mest farlege uttrykk vi les om kvar dag.

Men Jesus viser også at mennesket kan vere noko mykje meir og noko heilt anna: «Gi, så skal du få!» Det er det rause, det miskunnsame, det barmhjertige menneske, som vårt medmenneske treng. Det er det vi alle treng.

Men då treng vi Jesus som både vår skapar og vår frelsar.

Det er ei side ved Gudstrua som handlar om dom, om å dømme mellom det som er rett og gale, det som er godt og vondt. Denne domen er der alltid, den høyrer med til livets realitetar at vi blir og skal bli vurderte. Dette er ein viktig del av den visdommen som Jesus fører vidare og som er uttrykt i mange av dei Skriftene i den hebraiske bibel. Ei handling får ein konsekvens. Det vi gjer, ber frukter. På frukta skal treet kjennast.

Vi talar i dag ofte om «historiens dom», i eit sekulært og allment språk.

Det er ikkje Jesus eller kristendommen eller kyrkja som har funne opp at livet har ein slik dimensjon. Men Jesus minner oss om at den ikkje berre handlar om gode og dårlege relasjonar oss i mellom, det er også noko som heng saman nettopp med forholdet til Gud. Og det handlar om meir enn vi kan ordne opp i sjølv. Det er difor vi også skal overlate domen til Gud. Guds miskunn er kjærleiken som kan tilgi og skape noko nytt, og som kan setje oss fri til å sjå kvarandre betre som menneske skapte i Guds bilete.

Jesus talar som den som representerer det guddomlege, og nettopp difor også om det som gjeld alle menneske, ikkje berre dei religiøse eller det som har med religion å gjere. Men det er ein særleg fare, då som no, at ein mister perspektiv og proporsjonar når ein har ein religiøs posisjon eller standpunkt.

Vi kan meine at vi talar om Gud eller på Guds vegner, og ser likevel ikkje at det sant guddomlege er det som også er det sant menneskelege. Religion kan kome til å representere det umenneskelege. Då kan gudstrua verte ein bjelke og gjere at ein mistar gangsynet. Dette er noko vi skal drøfte i ein debatt på torsdag: «Kva skjer når Gud vert dratt inn i politikken?» Meir om det då. I dag vert vi minna om at den sunne sjølvkritikken høyrer med til å følgje Jesus.

Det vi her snakke om, er ord, men også meir enn ord. Dessverre, og heldigvis.

Først: Dessverre. Det Jesus seier, er svært så aktuelt. Ein kunne nesten tru at Jesus hadde lest kommentarfelt på sosiale medier, når ein høyrer Jesu overdivelse i sitt bilete om bjelken og flisa. Det sakratiske, distanserande, ekskluderande og nedvurderande uttrykk vi kan få ut av oss har fått nye muligheiter i vår tid. Sosiale medier kan vere som opne sluser i så måte, der mange verkeleg kan miste gangsynet. Demokratiet treng at vi har tillit til og respekt for kvarandre. Det gjeld særleg når vi skal vere uenige med kvarandre for å tene folkestyret, og belyse ulike alternativ. Slik at vi kan ta ansvarleg stilling til viktige saker.

Så: Heldigvis. Jesus vil også at vi skal ha ein annan slags blick på kvarandre. Det andre er noko vi lett tenkjer høyrer det religiøse til, men som eg trur er meir alment menneskeleg. Det er påfallande kor ofte Jesus *ber* og kor ofte Jesus vil at dei som høyrer på han skal *be*.

Bøna er det motsette av det blikket som mister proporsjoane, der flisa blir større enn bjelken. Bøna rettar seg mot Gud, som er vår skapar og som kan frelse oss frå vårt sjølvopptatte liv der vi mistar gangsynet. Vi veit ikkje kva bøna gjer med Gud. For Gud er Gud, og det er ikkje vi som rår over Gud. Men vi veit noko om kva bøn kan gjere med oss som ber – og litt om kva den gjer med dei vi ber for.

Dette biletet treng språk. Språket Jesus gir oss er bønens språk. Kor ofte seier ikkje Jesus i møte med den eine eller andre utfordring – ikkje minst i relasjonar mellom menneske: Be! Og han gir oss Fadervår som eit mønster på korleis vi kan og skal be.

Dette blikket som bøna representerer, er også eit språk. Vi kan også kalle det ei hjartespråk. Det treng ikkje bli uttalt slik at alle høyrer det. Ingen må nødvendigvis høyre det. For Guds Ande er overalt og høyrer det.

Men like fullt: Bønas språk handlar ikkje minst om relasjonane mellom oss, det også, men på eit anna vis. Det handlar på ein måte om å be med opne auge, for å sjå dei andre og verda rundt oss. Dei treng våre bøner.

Då eg skulle bli operert for kreft i vinter, informerte eg ein del slekt og vener om det. Mange gode ønskjer kom. Mange tenkte på meg. Nokre sa dei ville be for meg. Langt på veg oppfattar eg det som det same, med litt ulike uttrykk. Det gav meg meir mot, meir tru på at det kan gå godt, meir ro i sinnet. Eg kunne kvile i Guds hender og vite at andre bar meg dit. «Med dine gode kontakter, og mine ferdigheter, skal dette gå bra», sa kirurgen då han trilla meg inn på operasjonsbordet. Og det gjorde det. Med slike bilete og oppmuntringar skjer det noko med oss. Det har eg erfart mange gonger, men spesielt då.

I dag fekk ein mail frå ei kvinne som er frå Gaza. Ho skreiv mellom anna: «War cannot kill our human spirit... We will live and survive through your courageous and just voices.»

Vi er i denne verda saman. Det er i denne verda, og berre i denne verda slik ho er, at vi kan følge Jesus. Det er håp for denne verda.

Men då treng vi Jesus.

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, som var, er og vere skal, ein sann Gud frå æve og til æve. Amen.